



Tove Høgemark hadde med 6 tyske turistar på kafe. Ho sit lengst til høgre. Frå venstre sit Angelina Gramosli frå Mainz, Ute Schmidt som bur i Vaggeryd i Sverige, Werner og Elke Rheinwald frå Saaarland Klaus Schmidt som bur i Vaggeryd og Ursula Brieschke som bur nær Frankfurt,

Hold deg fast i stolen, her har det vore rekordbesøk.

Det seier Berit Harriet Døssland i Tlaren etter ein travel tysdag i kafeen til Uskedalen Utvikling. Ho har notert 77 vaksne og 9 born i boka si og så mange har det neppe vore der sidan kafeen opna, i alle fall ikkje av enkeltpersonar.

Det var heller ikkje nokon som kan reknast som gruppe sjølv om 6 tyskarar var innom og fann grunn til å rosa kakene,

Dei var også individuelle ferierande frå ymse delar av landet. Tyskarane har feriert på begge campingplassar, nokon faktisk så lenge som i 2-3 veker og dei fleste drar heim til helga.

Eitt av para, Dimitri og Angelina Gramosli som bur i Mainz, er eigentleg frå Makedonia og også dei har hatt det fint i Uskedalen. -Vi har fiska, gått turar og lese mykje, seier Angelina som fortel at mannen har fått ein laks på 3,5 kilo.

Ho tykkjer at arbeidsdelingen denne føremiddagen er grei - Dimitri fiskar og ho går på kafe!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen